



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Eilin Houlison Molvik

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/187631-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.07.2019

Uttale – Søknad om dispensasjon – Frådeling – gnr. 126 bnr. 3 – Hope – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 10.07.2019.

Kva saka gjeld:

Lindås kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon for frådeling av tunet på gnr. 126 bnr. 3 i Lindås kommune. Tunet med påståande bustadhus og driftsbygning er om lag 3,9 daa, medan restarealet på om lag 378 daa skal overdragast til nabobruket.

Området som eigedomen ligg i er avsett til *landbruk,- natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. Kommunedelplan *Lindåsneset med Mongstad* (2010). Deler av eigedomen er omfatta av planarbeid *Fv. 57 - Gang- og sykkelveg. Lindås tettstad - Mongstad*, som var på 1. gongs høyring i desember 2018.



Fig: Del av Fv. 57 – Gang- og sykkelveg. Lindås tettstad – Mongstad. Omsøkte eigedom er markert med raud sirkel (t.v.). Situasjonsskart med tilhøyrande bustadmasse til høgref.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale til søknad:

Før det vert gjeve løyve til frådelling er det eit krav at eigedomen er sikra lovleg adkomst jf. plan og bygningslova § 27-4. Avkøyrsløve frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande vegmyndigheit jf. veglova §§40-43. Dette gjeld både den eksisterande parsellen og den som vert frådelt. I dette tilfellet er det mest relevant å søkje om avkøyrsløve til kommunal veg for bustadmassen medan det ikkje er opplyst kor restparsellen vil ha avkøyrsløve.

Deler av den omsøkte eigedomen er under regulering jf. pågåande planarbeid *Fv. 57 - Gang- og sykkelveg. Lindås tettstad - Mongstad*. Dette planarbeidet føreset store endringar for tilkomst til øvrig transportnett området, samt forskyving av kommunal veg og kryssområde til fylkesveg 57. Deler av landbruksarealet er vist som *annan veggrunn - grøntareal* og *anlegg og riggområde* i denne planen. Med bakgrunn i ferieavvikling og korte fristar på uttale kan vi ikkje vurdere tilstrekkeleg om tiltaket er til ulempe for det pågåande planarbeidet.

Det er ikkje grunngjeve kvifor ein ynskjer å dele eigedomen. Parsellen med påståande bustadhus er om lag 4 daa og er langt større enn det som er vanleg for ein bustadtomt. Vi meiner at dersom Lindås kommune gjev løyve til frådelling som omsøkt, kan det medført forventning om vidare utvikling av eigedomen til dømes i retning av bustadbygging. Vi rår i så fall til at storleiken på tomta vert vesentleg redusert.

Statens vegvesen ber om å få tilsendt Lindås kommune sitt vedtak til eventuell klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.